

## INFORMASJON OM KLAGERETT

<b>KVEN KAN KLAGE?</b>	Du har rett til å klage på eit vedtak dersom du er part eller har rettsleg klageinteresse i saka.
<b>KVEN SENDER DU KLAGEN TIL?</b>	<p>Det er Fylkesmannen i Rogaland som er klageinstans, men du sender klage til Finnøy kommune på <a href="mailto:post@finnoy.kommune.no">post@finnoy.kommune.no</a> eller Finnøy kommune, Plan og forvaltning, Judabergvegen 6, 4160 Finnøy.</p> <p>Dersom kommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, sendar vi klagen vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.</p>
<b>KLAGEFRIST</b>	<b>Klagefristen er 3 veker frå den dagen du mottok eller vart gjort kjend med vedtaket. Det held at klagen er postlagt før fristen løper ut.</b>
<b>DU HAR RETT TIL Å FÅ EIN GRUNNGJEVNAD</b>	Dersom du har fått avslag på søknad, skal du få en grunnngjevnad for avslaget. Dersom du meiner at avslaget ikkje er tilstrekkeleg grunnngjeve, kan du be om ein meir utfyllande grunnngjevnad. Du må be om dette før klagefristen løper ut. Ny frist gjeld frå det tidspunkt grunnngjevnad vert mottatt.
<b>KVA SKAL VERE MED I KLAGEN?</b>	Når du sendar inn ein klage, skal du skrive kva vedtak du klagar på, og den eller dei endringane du ønskjar. Du må skrive kvifor du klagar, og oppgje andre opplysningar som kan ha betydning for å vurdere klagen. Du må skrive under på klagen.
<b>DU KAN BE OM UTSETTING AV VEDTAKET</b>	Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomførast straks. Du kan be om å få utsett iverksetting av vedtaket til klagefristen er utløpt, eller til klagen din er ferdigbehandla. Dersom du får avslag på søknad om utsatt iverksetting, kan du ikke klage på denne.
<b>DU HAR RETT TIL Å SJÅ SAKENS DOKUMENT OG FÅ RETTLEIING</b>	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, det er berre enkelte dokument som er unntatt offentlighet. Du kan kontakte Servicetorget ( <a href="mailto:post@finnoy.kommune.no">post@finnoy.kommune.no</a> ) for å få meir informasjon om innsyn i saker, få vite meir om reglane for saksbehandling og få rettleiing.
<b>DU KAN SØKJE OM Å FÅ DEKKA KOSTNADAR VED KLAGESAKA</b>	Som part skal du i utgangspunktet få dekket vesentlege og naudsynte kostnader dersom enkeltvedtaket vert gjort om til din fordel, jf. forvaltningslovas § 36. Du kan óg søkje om å få dekket utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fri rettshjelp. Ved fri rettshjelp er det di inntekt og formue som avgjer om du har rett til å få dekket advokatutgifter. Du kan ta kontakt med Fylkesmannen for å få meir informasjon om retten til å få dekket saksomkostningar.
<b>HENVISNINGAR</b>	<p><a href="#">Plan- og bygningslova</a> §§ 1-9 og 21-8</p> <p><a href="#">Forvaltningslova</a> §§ 18, 24, 28, 29, 30, 32, 36 og 42</p>